



Arkivnr: 2015/11453-137  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for fagskolen i Hordaland		28.09.2018

## Revidering av forskrift for Fagskolen i Hordaland etter endring i fagskulelova

### Samandrag

01.07.2018 trådte ny *Lov om høyere yrkesfaglig utdanning* (fagskulelova) i kraft. I samband med dette har administrasjonen ved opplæringsavdelinga saman med fagskulen gått igjennom forskrift for Fagskolen i Hordaland på nytt. Etter lovendringa er det naudsynt med endringar i forskrifta i høve til både referansar til paragrafar i fagskulelova og nye føresegner. I tillegg har administrasjonen og fagskulen sett på heile forskrifta under eitt, og føreslår ein del omorganisering for å skape betre indre konsistens og for at teksten skal bli tydelegare og meir lesarvenleg. Det vert også føreslått nye føresegner om mellom anna studieprogresjon og studierett. Forslag til revidert forskrift ligg som vedlegg til saka, og under følgjer eit lovspegl som syner kva endringar som er gjort.

Forslag til revidert forskrift må sendast på høyring, og administrasjonen ved opplæringsavdelinga vil tilrå at den vert sendt ut 01.10.2018 med høyringsfrist 12.11.2018 (6 veker). Styret vil deretter få forslag til revidert forskrift til handsaming i januar 2019.

### Forslag til vedtak

Utkast til revidert forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (forskrift for Fagskolen i Hordaland) vert vedteke slik den kjem fram av saka og sendt på open høyring med frist til 12.11.2018.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Utkast til revidert forskrift for Fagskolen i Hordaland

**Fylkesrådmannen, 17.08.2018**

01.07.2018 tråtte ny *Lov om høyere yrkesfaglig utdanning* (fagskulelova) i kraft. I samband med dette har administrasjonen ved opplæringsavdelinga saman med fagskulen gått igjennom forskrift for Fagskolen i Hordaland på nytt. Etter lovendringa er det naudsynt med endringar i forskrifta i høve til både referansar til paragrafar i fagskulelova, og nye føresegner. I tillegg har administrasjonen og fagskulen sett på heile forskrifta under eitt, og føreslår ein del omorganisering for å skape betre indre konsistens og for at teksten skal bli tydelegare og meir lesarvenleg. Det vert også føreslått nye føresegner om mellom anna studieprogresjon og studierett. Forslag til revidert forskrift ligg som vedlegg til saka, og under følgjer ein lovspegl som syner kva endringar som er gjort.

Forslag til revidert forskrift må sendast på høyring, og administrasjonen ved opplæringsavdelinga vil tilrå at den vert sendt ut 01.10.2018 med høyringsfrist 12.11.2018 (6 veker). Styret vil deretter få forslag til revidert forskrift til handsaming i januar 2019.

Vidare vert forslaga til endringane i forskrift for Fagskolen i Hordaland vist i ein lovspegl. I første kolonne er den opphavelige teksten i forskrifta slik den er i dag, og i andre kolonne er forslag til endring. I tredje kolonne er det kommentarar til endringsforslaget.

Til orientering: På grunn av problem med formateringa er tabellen med lovspegl noko oppdelt slik at det nokre stader er stor avstand mellom radene.

Opphavelig tekst	Ny tekst	Kommentar
<p><b>§ 1-1 Heimel og verkeområde</b> Styret ved Fagskolen i Hordaland har med heimel i §§ 4 og 6 i lov om fagskoleutdanning vedtatt forskrift som regulerer tilhøve knytt til opptak, skikkavurdering og politiattest, eksamen og vurdering, disiplinære sanksjonar, annullering, klagerettar og klagebehandling. Forskrifta har kortnamnet <i>forskrift for Fagskolen i Hordaland</i>.</p>	<p><b>§ 1-1 Heimel og verkeområde</b> Styret ved Fagskolen i Hordaland har med heimel i §§ 16 og 21 i <i>Lov om høgere yrkesfaglig utdanning</i> vedtatt forskrift som regulerer tilhøve knytt til opptak, eksamen og vurdering. Forskrifta regulerer også tilhøve knytt til klagerettar og klagehandsaming, annullering, disiplinære sanksjonar, skikkavurdering og politiattest jf. §§ 22-27 i fagskulelova.</p>	<p>§ 1-1 er endra i høve kva lov og paragrafar forskrifta er heimla i. I tillegg vert det føreslått å endre rekkefølga i høve til kva område forskrifta regulerer. Omtale av kortnamnet er vidare føreslått teke ut av di Lovdata meiner dette ikkje må vere nedfelt i forskrifta.</p>
<p><b>Kapittel 2 Opptak</b></p>	<p><b>Kapittel 2 opptak, studierett og progresjon</b></p>	<p>Det vert føreslått ei endring av overskrifta i denne paragrafen for å ta inn nye føresegner om studierett og progresjon (sjå omtale av dette seinare).</p>
<p><b>§ 2-2 Opptakskrav</b> Grunnlag for opptak til studietilbod ved Fagskolen i Hordaland er a) eller b) under jf. Lov om fagskoleutdanning § 1:</p>	<p><b>§ 2-2 Opptakskrav</b> Grunnlag for opptak til studietilbod ved Fagskolen i Hordaland er a) eller b) under jf. fagskulelova § 4:</p>	<p>Referanse til paragraf er endra i ny fagskulelov.</p>
<p><b>§ 2-2 Opptakskrav</b></p> <p>b) Minst 5 års relevant praksis og realkompetanse i felles allmenne fag som svarar til Vg1 og Vg2 i yrkesfagleg utdanningsprogram. Søkjar må ha fylt 23 år innan søkjeåret. Realkompetansen vert vurdert jf. § 2-6 i denne forskrifta.</p>	<p><b>§ 2-2 Opptakskrav</b></p> <p>b) Minst 5 års relevant praksis og realkompetanse i felles allmenne fag som svarar til Vg1 og Vg2 i yrkesfagleg utdanningsprogram. Søkjar må ha fylt 23 år innan opptaksåret jf. § 16 i fagskulelova. Realkompetansen vert vurdert jf. § 2-6 i denne forskrifta.</p>	<p>Omgrepet søkjeåret vert føreslått endra til opptaksåret som er eit omgrep som vert nytta i samband med opptak. Alderskravet er også no heimla i fagskulelova og det vert difor føreslått å føre på referanse til gjeldande paragraf i lova.</p>
<p><b>§ 2-3 Krav til politiattest</b></p> <p>(1) Ved utdanningar der studentar kan kome i kontakt med mindreårige eller andre sårbare grupper som del av praksis eller klinisk undervisning, er det krav om at studenten legg fram politiattest ved opptak eller i løpet av utdanninga, jf. fagskulelova § 12 og politiregisterlova § 39. Politiattesten skal vere slik</p>	<p><b>§ 2-3 Krav til politiattest</b></p> <p>(1) Ved utdanningar der studentar kan kome i kontakt med mindreårige eller andre sårbare grupper som del av praksis eller klinisk undervisning, er det krav om at studenten legg fram politiattest ved opptak eller i løpet av utdanninga, jf. fagskulelova § 27 og politiregisterlova § 39. Politiattesten skal vere slik som det går fram av</p>	<p>Om endring i første ledd: Tidlegare § 12 i fagskulelova er endra til § 27.</p> <p>Om endring i andre ledd: I første setning vert det føreslått å skrive at det er den lokale klagenemnda som fattar vedtak av di</p>

<p>som det går fram av barnevernlova § 6-10 andre ledd. Krav om politiattest skal gjerast kjent for studenten ved opptak til studium som er omfatta av desse føresegnene.</p> <p>(2) Det er styret ved klagenemnda som fattar vedtak om at ein student skal misse retten til å delta i praksis eller klinisk undervisning basert på politiattest og innstilling frå rektor ved fagskulen. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 5. om klage og klagehandsaming.</p>	<p>barnevernlova § 6-10 andre ledd. Krav om politiattest skal gjerast kjent for studenten ved opptak til studium som er omfatta av desse føresegnene.</p> <p>(2) Det er den lokale klagenemnda ved fagskulen som fattar vedtak om at ein student skal miste retten til å delta i praksis eller klinisk undervisning basert på politiattest og innstilling frå rektor ved fagskulen. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 5 i denne forskrifta om klage og klagehandsaming.</p>	<p>styret for fagskulen har delegert denne oppgåva til dette organ.</p> <p>I siste setning vert det føreslått å presisere at ein refererer til kap. 5 i denne forskrifta.</p>
---	---	---

<p><b>§ 2-7 Annullering av vedtak om realkompetansevurdering</b></p> <p>(1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om godkjent realkompetanse til ei fagskuleutdanning ved Fagskolen i Hordaland dersom ein student er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskuleutdanning § 9.</p>	<p><b>§ 2-7 Annullering av vedtak om realkompetansevurdering</b></p> <p>(1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om godkjent realkompetanse til ei fagskuleutdanning ved Fagskolen i Hordaland dersom ein student er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål, falske dokument eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. fagskulelova § 24.</p>	<p>I § 2-7 vert det føreslått å inkludere falske dokument i tillegg til falskt vitnemål, av di opptak og poengberekning vert gjort på bakgrunn av både vitnemål som anna dokumentasjon, t.d. attestar frå arbeidsgjevar. I tillegg er det ofte anna dokumentasjon enn vitnemål som vert vurdert i samband med realkompetanse.</p> <p>Referanse til paragrafnummer i fagskulelova er endra jf. endringane i lova.</p>
<p><b>§ 2-10 Innpassing og fritak</b></p> <p>(1) Jf. § 1 i forskrift om fagskuleutdanning kan studentar som kan dokumentere å ha bestått likeverdig eller tilsvarende emne ved same eller ein annan institusjon, søkje om innpassing av delar av tidlegare utdanning. Læringsutbytteomtalen eller studieplan vert nytta for å vurdere om studenten har rett på innpassing av eit emne.</p> <p>(2) Dersom studenten kan dokumentere å ha bestått anna type utdanning eller har fått realkompetanse for delar av ei fagskuleutdanning, kan studenten søkje om fritak frå eitt eller fleire emne. Fritaket skal byggje på ei fagleg vurdering av om den heilskaplege kompetansen til søkjaren samla kan gje grunnlag for fritak for ein del av fagskuleutdanninga. Slik kompetanse kan vere opparbeidd gjennom arbeidsliv, frivillig sektor og anna utdanning. Den kan</p>	<p><b>§ 2-10 Godskriving og fritak</b></p> <p>(1) Jf. § 8 i fagskulelova kan studentar som kan dokumentere å ha bestått likeverdig eller tilsvarende emne med same omfang (studiepoeng), ved same eller ein annan institusjon, søkje godskriving for delar av tidlegare utdanning. Det vert ikkje gjeve dobbel utteljing for det same faginnhaldet. Med dette meiner ein til dømes at eit emne ikkje kan gje utteljing på fleire vitnemål.</p> <p>(2) Læringsutbytteomtalen eller studieplan vert nytta for å vurdere om studenten har rett på godskriving av eit emne.</p> <p>(3) Dersom studenten kan dokumentere å ha bestått anna type utdanning eller har fått realkompetanse for delar av ei fagskuleutdanning, kan studenten søkje om fritak frå eitt eller fleire emne. Fritaket skal byggje på ei fagleg vurdering av om den heilskaplege kompetansen til søkjaren samla kan gje</p>	<p>Omgrepet innpassing er endra til godskriving i den nye fagskulelova. Dette er same omgrep som vert nytta i universitets- og høgskulelova.</p> <p>Endring i første ledd: Setning om at læringsutbytteomtalen eller studieplan vert nytta for å vurdere om studenten har rett på godskriving av eit emne er føreslått flytta til nytt tredje ledd. I tillegg vert det føreslått å ta inn ein ny setning om at det ikkje vert gjeve dobbel utteljing for det same faginnhaldet da dette er ei presisering jf. fagskulelova § 8. I tillegg vert det føreslått å referere til fagskulelova i staden for til forskrift om fagskuleutdanning av di denne forskrifta kan verte endra om kort tid.</p>

<p>også vere av anna formell, ikkje-formell eller uformell art.</p> <p>(3) For å få skrive ut vitnemål eller anna dokumentasjon for fullført utdanning ved fagskulen, må minst 30 fagskulepoeng som skal inngå i utrekningsgrunnlaget, vere avlagt ved Fagskolen i Hordaland som siste del av utdanninga, jf. § 2 i forskrift om fagskoleutdanning.</p> <p>(4) Søknad om innpassing eller fritak må leverast til skulen innan 30. september for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret. Søknaden må innehalde dokumentasjon av omfang og innhald i emnet/kompetansen som studenten ønskjer å søkje innpassing eller fritak for; nærare bestemt:</p> <p>a) Vitnemål / karakterutskrift / realkompetansevurdering</p> <p>b) Oversikt over kva tema som inngår i emnet</p> <p>c) Oversikt over læringsutbytteomtalen av emnet eller studieplan</p> <p>(5) Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det vert referert til. Ved innpassing av eitt eller fleire emne er det siste utdanningsinstitusjon som skriv ut vitnemål jf. § 2-10 tredje ledd.</p> <p>(6) Vedtak om innpassing og fritak av eit emne vert fatta av</p>	<p>grunnlag for fritak for ein del av fagskoleutdanninga. Slik kompetanse kan vere opparbeidd gjennom arbeidsliv, frivillig sektor og anna utdanning. Den kan også vere av anna formell, ikkje-formell eller uformell art.</p> <p>(4) For å få skrive ut vitnemål eller anna dokumentasjon for fullført utdanning ved fagskulen, må minst 30 studiepoeng som skal inngå i utrekningsgrunnlaget, vere avlagt ved Fagskolen i Hordaland som siste del av utdanninga, jf. § 2 i forskrift om fagskoleutdanning.</p> <p>(5) Søknad om godskrivning eller fritak må leverast til skulen innan 30. september for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret. Søknaden må innehalde dokumentasjon av omfang og innhald i emnet/kompetansen som studenten ønskjer å søkje godskrivning eller fritak for; nærare bestemt:</p> <p>a) Vitnemål / karakterutskrift / realkompetansevurdering</p> <p>b) Oversikt over kva tema som inngår i emnet</p> <p>c) Oversikt over læringsutbytteomtalen av emnet eller studieplan</p> <p>d) Eventuelt andre relevante dokument</p> <p>(6) Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Ved godskrivning av eitt eller fleire emne er det siste utdanningsinstitusjon som skriv ut vitnemål jf. § 2-10 fjerde ledd over.</p>	<p>Andre ledd vert nytt tredje ledd.</p> <p>Tredje ledd er endra til fjerde ledd, og omgrepet fagskulepoeng er endra til studiepoeng.</p> <p>Fjerde ledd er endra til femte ledd, og omgrepet innpassing er endra til godskrivning. I tillegg er det lagt til eit punkt d. om kva dokumentasjon studenten må sende inn i samband med søknad om godskrivning eller fritak.</p> <p>Femte ledd er blitt sjette ledd, og det vert føreslått å ta ut setninga «Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det vert referert til». Årsaka til dette er at eit vitnemål skal vere gyldig for seg sjølve og at fagskulen har godkjent dokumentasjonen som ligg til grunn for godskrivning eller fritak.</p> <p>Sjette ledd blir nytt sjuende ledd. I tillegg er omgrepet innpassing endra og siste del av leddet:</p> <p>«Klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. Nærare føresegner om</p>
---	--	---

<p>rektor etter innstilling frå opptakskomiteen ved fagskulen. Vedtak om innpassing eller fritak ved Fagskolen i Hordaland er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§§ 28 og 29). Klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. Nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5. i forskrift for opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland.</p>	<p>(7) Vedtak om godskriving og fritak av eit emne vert fatta av rektor etter innstilling frå opptakskomiteen ved fagskulen. Vedtak om godskriving eller fritak ved Fagskolen i Hordaland er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§§ 28 og 29). Klage skal sendast til fagskulen og nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5. i denne forskrifta.</p>	<p>klagehandsaming er gitt i kap. 5. i forskrift for opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland.»</p> <p>vert føreslått endra slik at leddet vert tydelegare.</p>
--	--	---

<p><b>§ 2-11 Annullering av vedtak om innpassing og fritak</b></p> <p>(1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om innpassing eller fritak av eitt eller fleire emne ved ei fagskuleutdanning ved Fagskolen i Hordaland dersom ein student har fått innpassing eller fritak ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskuleutdanning § 9.</p>	<p><b>§ 2-11 Annullering av vedtak om godskriving og fritak</b></p> <p>(1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om godskriving eller fritak av eitt eller fleire emne dersom ein student har fått dette ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. fagskulelova § 24.</p>	<p>Omgrepet innpassing er endra til godskriving og første ledd i § 2-11 vert føreslått korta ned slik at det vert tydelegare. Referansen til paragrafnummeret er også endra jf. endringane i fagskulelova.</p>
<p><b>Ny paragraf om studierett</b></p>	<p><b>§ 2-12 Studierett</b></p> <p>(1) Studierett er rettar knytt til det å vere teken opp som student ved eit studium eller eit emne, og ha studentstatus. Det gjev rett til å følgje lukka undervisning, eventuell praksis, kurs og seminar og til å gå opp til eksamen i samsvar med gjeldande studieplan.</p> <p>(2) Studieretten er knytt til utdanninga eller emnet på den studiestaden studenten har fått opptak til.</p> <p>(3) Lengd på studieretten:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Ved opptak til ei utdanning vert studenten tildelt studierett lik normert studietid for utdanninga.</li> <li>b. Ein student som er teken opp til ei utdanning med mellom eitt og tre års studietid, kan etter avtale om endring i studieplan, få utvida studieretten i inntil eitt år ut over normert studietid.</li> <li>c. Når studieretten ved ei utdanning er brukt opp etter bokstav a eller b, mister studenten automatisk alle rettar</li> </ol>	<p>§ 2-12 om studierett er forslag til ny paragraf i forskrifta for å regulere kor lenge studentar kan halde på studieretten når dei avvikar frå normal progresjon. Denne paragrafen heng også saman med § 2-13 om krav til studieprogresjon, og § 2-14 tap av studierett.</p> <p>Ein student har rett til å ta opp igjen eit emne tre gonger. Dersom ein student må ta kontinuasjonseksamen meir enn ein gong, vert det vanskeleg å følge progresjonskravet, og studenten har då høve til å gjere ein individuell avtale med skulen om eventuelt forlenga studierett.</p>



	<p>knytt til det å vere teken opp som student. Studenten må søkje nytt opptak for eventuelt å fullføre utdanninga.</p> <p>(4) Studieretten fell automatisk bort når studieprogrammet er fullført og greidd. Det same gjeld emnestudentar når eksamen er gjennomført.</p> <p>(5) Ein student som har fullført ei utdanning, har rett til å forbetra karakter i inntil eitt år etter at utdanninga er fullført.</p>	
--	---	--

<p><b>§ 3-14 Studieprogresjon ved dei maritime fagskuleutdanningane</b> Ved dei maritime fagskuleutdanningane må studenten ha bestått alle emna det første året for å ha rett til å gå vidare til emna på andre året. Studenten vil ikkje tape retten til å gå vidare til andre året før fristen for kontinuasjonseksamen har gått ut. Om studenten består kontinuasjonseksamen, vert ikkje retten til å gå vidare tapt. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p> <p><b>§ 3-15 Studieprogresjon ved dei tekniske fagskuleutdanningane</b></p> <p>(1) Ved dei tekniske fagskuleutdanningane kan studenten berre ha stroke i eitt emne for å kunne gå vidare med utdanninga.</p> <p>(2) Det er ikkje mogleg å utsetje eit emne fullt ut til året etter med mindre det ligg føre særskilde tilhøve. Det vil seie at dersom studenten ikkje har levert nokon av arbeidskrava i eit emne, vil studenten tape retten til å fullføre utdanninga. Rektor kan gje dispensasjon til å utsetje, eller ta opp att eit emne, ved særskilde høve etter søknad. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p> <p><b>§ 3-16 Studieprogresjon ved dei helsefaglege fagskuleutdanningane</b> Dei helsefaglege utdanningane er emnestrukturerte, og dei ulike emna byggjer på kvarandre. Ein student må ha bestått eit emne for å kunne fortsette i studiet på det neste. Alle emna og praksis skal vere bestått før studenten kan ta avsluttande</p>	<p><b>§ 2-13 Studieprogresjon</b></p> <p>(1) Ved dei maritime fagskuleutdanningane må studenten ha bestått alle emna det første året for å ha rett til å gå vidare til emna på andre året. Studenten vil ikkje tape retten til å gå vidare til andre året før fristen for kontinuasjonseksamen har gått ut. Om studenten består kontinuasjonseksamen, vert ikkje retten til å gå vidare tapt.</p> <p>(2) Ved dei tekniske, grøne og matfaglege fagskuleutdanningane kan studenten berre ha stroke i eitt emne for å kunne gå vidare med utdanninga. Det er ikkje mogleg å utsetje eit emne fullt ut til året etter med mindre det ligg føre særskilde tilhøve. Rektor kan gje dispensasjon til å utsetje, eller ta opp att eit emne, ved særskilde høve etter søknad.</p> <p>(3) Dei helsefaglege utdanningane er emnestrukturerte, og dei ulike emna byggjer på kvarandre. Ein student må ha bestått eit emne for å kunne fortsette i studiet på det neste. Alle emna og praksis skal vere bestått før studenten kan ta avsluttande eksamen. Rektor kan gje dispensasjon til å utsetje, eller ta opp att eit emne, ved særskilde høve etter søknad.</p> <p>(4) Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage. Sjå også nærare føresegner i § 2-14.</p>	<p>Forslag til ny § 2-13 erstattar dagens §§ 3-14 – 3-16. Det er ein fordel å samla krava til studieprogresjon i dei ulike fagområda i éin paragraf, samtidig som krav som er felles for fagområda berre vert omtala éin gong (det nye fjerde leddet).</p>
---	--	--

<p>eksamen. Rektor kan gje dispensasjon til å utsetje, eller ta opp att eit emne, ved særskilde høve etter søknad. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p>		
--	--	--

<p><b>Ny paragraf</b></p>	<p><b>§ 2-14 Tap av studierett</b></p> <p>(1) Ein student som har brukt alle forsøka i eit emne, ein eksamen eller praksisperiode utan godkjent resultat (jf. § 3-4 Rett til å gå opp til eksamen) og dermed blir stoppa av progresjonskrav, jf. § 2-13, taper studieretten. Ein student som har tapt studieretten, får først nye forsøk ved eit eventuelt nytt opptak til same utdanning.</p> <p>(2) Vedtak om tap av studierett skal varslast, jf. forvaltningslova § 16. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p>	<p>Forslag til ny § 2-14 om tap av studierett heng som nemnt saman med §§ over samt § 3-4 om rett til å gå opp til eksamen. Føremålet med § 2-14 er å klargjere konsekvensar med tap av studierett og kva rettar studenten har i høve til å søkje nytt opptak, krav til varsling og klagerett.</p>		
<p><b>Tidligere første ledd i § 3-18</b></p> <p>(1) Ein student kan søkje om og få permisjon dersom tungtvegande grunnar gjer det naudsynt, til dømes ved sjukdom eller innkalling til førstegangsteneste. Permisjon blir som hovudregel gitt for ein periode på eitt studie-år. I ekstraordinære tilfelle kan permisjon bli gitt i ytterlegare eitt år. Ein student som får barn under studie har rett permisjon i frå studie under svangerskap og til omsorg for barn. Permisjon ved fødsel gjelder også far, medmor og medfar.</p>	<p><b>§ 2-15 Permisjon</b></p> <p>(1) Ein student kan søkje om permisjon dersom tungtvegande grunnar gjer det naudsynt, til dømes ved sjukdom eller innkalling til førstegangsteneste. Permisjon blir som hovudregel gitt for ein periode på eitt studie-år. I ekstraordinære tilfelle kan permisjon bli gitt i ytterlegare eitt år. Ein student som får barn under studiet har rett til permisjon i frå studiet under svangerskap og til omsorg for barn. Permisjon ved fødsel gjeld også far, medmor og medfar.</p>	<p>§ 2-15 om permisjon er i dag første ledd i § 3-18 om permisjon og tilrettelegging i kapittel 3. om vurdering og eksamen. Det vert føreslått å flytte tilhøve knytt til permisjon til kapittel 2 som omhandlar opptak, studierett og progresjon.</p>		
<p><b>§ 3-1 Vurdering</b></p> <p>Vurdering vert gjennomført på ein slik måte at skulen på eit mest mogleg sikkert grunnlag kan vurdere i kva grad studenten har nådd læringsutbyttet som er skildra i studieplanen for utdanninga, jf. fagskulelova § 6.</p> <p>Bokstavkarakterskalaen A – F, der A er <b>beste karakter</b> og F er <b>ikkje greidd</b>, vert nytta i vurderinga.</p> <p><b>§ 3-5.Eksamens- og vurderingsordning</b></p>	<p><b>§ 3-1 Vurdering og arbeidskrav</b></p> <p>(1) Vurdering vert gjennomført på ein slik måte at skulen på eit mest mogleg sikkert grunnlag kan vurdere i kva grad studenten har nådd læringsutbyttet som er skildra i studieplanen for utdanninga, jf. fagskulelova § 21. Følgjande vurderingsformer vert nytta ved Fagskolen i Hordaland:</p> <table border="1" data-bbox="667 1906 1134 2018"> <tr> <td>Skriftleg skuleeksamen</td> <td>Skriftleg, individuell eksamen</td> </tr> </table>	Skriftleg skuleeksamen	Skriftleg, individuell eksamen	<p>§ 3-1 om vurdering vert føreslått utvida til å også omtale arbeidskrav. I utvidinga vert det også gjeve tydelegare informasjon om dei ulike vurderingsformene som vert nytta ved fagskulen, samt arbeidskrava.</p> <p>Dagens § 3-5 (1. – 3. ledd) om eksamens-</p>
Skriftleg skuleeksamen	Skriftleg, individuell eksamen			

<p>(1) Styret kan gi forskrift om forhold som er spesielle for den enskilde eksamen.</p> <p>(2) Vurdering med emnekarakter for kvart emne vert gjort på grunnlag av arbeidskrava for emnet. Arbeidskrava er omtalt i studieplanen for kvar utdanning. For å bestå emnet må arbeidskrava vere innfridd. Når emnekarakteren vert fastsett, blir det gjort på grunnlag av arbeidskrava. Dersom ein student ikkje har oppfylt alle arbeidskrava i eitt eller fleire tema, vil slutt karakter i emnet bli F – ikkje bestått, og studenten har såleis ikkje rett til å gå opp til eksamen.</p> <p>(3) Se også § 3-13 Rett til å gå opp til eksamen.</p>		<p>arrangert i eksamenslokale under tilsyn, med fastsett tid for utlevering av oppgåve og innleveringsfrist. Tal timar skal gå fram av studieplanen. Eksamen kan gjennomførast på papir eller digitalt.</p>	<p>og vurderingsordning vert også føreslått lagt inn som eigne ledd under denne paragraf (§ 3-1).</p> <p>I tillegg vert det føreslått å ta ut setninga i dagens § 3-1 om karakterskala, fordi dette vert grundig omtala i forslag til ny § 3-2 under.</p>
	Munnleg eksamen	<p>Munnleg eksamen der studenten/-ane blir eksaminerte av minimum to sensorar.</p>	<p>Vidare vert det føreslått å ta dagens § 3-17 om krav om frammøte inn som 5 ledd i § 3-1 her. Årsaka til dette er at krav om frammøte er eit arbeidskrav, og dette vert såleis samla under eitt.</p>
	Praktisk eksamen	<p>Vurderingsform der studentar skal løyse praktiske oppgåver. Eksamen kan bli gitt individuelt eller i gruppe og kan inkludere element av skriftleg og/eller munnleg eksaminasjon.</p>	
	Mappevurdering	<p>Vurderingsform med rettleiing undervegs der karakteren blir fastsett på grunnlag av innleveringar som kan etterprøvast, prøver eller andre produkt som blir samla i ei mappe. Innhaldet kan samlast over tid og må vere fullført til fastsett frist. Mappevurdering kan byggjast opp som ei samla mappevurdering</p>	

		<p>eller delast i ei læringsmappe med påfølgjande vurderingsmappe.</p> <p>a) Læringsmappe er ei samling tekstar og/eller andre arbeid som er produserte gjennom ein viss periode. Samlinga dokumenterer prosess og/eller produkt, og skal vise studenten sine faglege refleksjonar og utviklinga i kompetanse.</p> <p>b) Vurderingsmappe er eit utval av element frå læringsmappa som dannar grunnlag for fastsetjing av karakter. Prosessen som viser kva for element frå læringsmappa som skal telje med i vurderinga, skal gå fram av emneomtalen. Vurderinga kan skje undervegs i emnet og som formell sluttvurdering.</p>	
	Heimeeksamen	Skriftleg eksamen der studentane blir tildelt oppgåve på eit fastsett tidspunkt, og med fastsett frist for innlevering. Heimeeksamen	

		kan vere individuell eller i gruppe. Tal på eksamensdagar skal gå fram av studieplanen.	
	Hovudprosjekt	Hovudprosjekt er eit eige emne som vert gjennomført mot slutten av studiet. Studentar arbeider med ei problemstilling og leverer ein rapport. Hovudprosjektet vert avslutta med ein munnleg/skriftleg eksamen.	
	Praksis	Praksis er ein del av utdanninga som går føre seg i eit relevant yrkesfelt med rettleiing og avsluttande vurdering.	
	<p>(2) Styret kan gi forskrift om tilhøve som er spesielle for den einskilde eksamen.</p> <p>(3) Vurdering med emnekarakter for kvart emne vert gjort på grunnlag av arbeidskrava for emnet. For å bestå emnet må arbeidskrava vere innfridd. Når emnekarakteren vert fastsett, blir det gjort på grunnlag av arbeidskrava. Dersom ein student ikkje har oppfylt alle arbeidskrava i eitt eller fleire tema, vil sluttarakter i emnet bli F – ikkje bestått, og studenten har såleis ikkje rett til å gå opp til eksamen. Sjå også § 3-4 Rett til å gå opp til eksamen.</p>		

	<p>(4) Arbeidskrav i undervisning og praksis skal gå fram av studieplanen.</p> <p>(5) Det er obligatorisk frammøte til undervisninga, det vil seie 80 % frammøte, ved alle utdanningar ved Fagskolen i Hordaland. Faglærer har ansvar for dokumentasjon på oppmøte. Fråvær kan ikkje overstige 10 % i praksisperioden i utdanningar med praksis.</p>	
<b>§ 3-4 Karakterskala</b>	<b>§ 3-2 Karakterskala og vurderingsuttrykk</b>	Sjå endringane under.

Opphavelig tekst:

### § 3-4 Karakterskala

(1)

Symbol	Nemning	Generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium
<b>A</b>	<b>Framifrå</b>	Framifrå prestasjon som skil seg klårt ut. Studenten har svært gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
<b>B</b>	<b>Mykje god</b>	Mykje god prestasjon. Studenten har mykje gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
<b>C</b>	<b>God</b>	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten har gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
<b>D</b>	<b>Nokså god</b>	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten har nokså gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
<b>E</b>	<b>Tilstrekkeleg</b>	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten har oppfylt minimumskrava som blir stilt til kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
<b>F</b>	<b>Ikkje bestått</b>	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Studenten har <i>ikkje bestått</i> på grunn av vesentlege manglar når det gjeld kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.

(2) Ved ein skilde emne kan det verte nytta vurderingsuttrykket «bestått – ikkje bestått». Kva emne dette gjeld kjem fram av studieplanen.

Ny tekst:

### § 3-2 Karakterskala og vurderingsuttrykk

(1)

Nynorsk



Symbol	Nemning	Generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som skil seg klårt ut. Studenten har svært gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon. Studenten har mykje gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
C	God	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten har gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten har nokså gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
E	Tilstrekkeleg	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten har oppfylt minimumskrava som blir stilt til kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
F	Ikkje bestått	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar minimumskrava. Studenten har <i>ikkje bestått</i> på grunn av vesentlege manglar når det gjeld faglege kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.

## Bokmål

Symbol	Betegnelse	Generell, ikke fagspesifikk omtale av vurderingskriterier
A	Fremragende	Fremragende prestasjon som skiller seg klart ut. Studenten har svært gode kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse.
B	Meget god	Meget god prestasjon. Studenten har meget gode kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse.
C	God	Jevnt god prestasjon som er tilfredsstillende på de fleste områder. Studenten har gode kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon med noen vesentlige mangler. Studenten har nokså gode kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse.
E	Tilstrekkelig	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskravene, men heller ikke mer. Studenten har oppfylt minimumskravene som blir stilt til kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse.
F	Ikke bestått	Prestasjon som ikke tilfredsstillar minimumskravene. Studenten har <i>ikke bestått</i> på grunn av vesentlige mangler når det gjelder faglige kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse.

## Engelsk

Symbol	Description	General, qualitative, non-subject specific description of the assessment valuation criteria
A	Excellent	An excellent performance, clearly outstanding. The candidate demonstrates excellent knowledge, skills and general competence.
B	Very good	A very good performance. The candidate demonstrates very good knowledge, skills and general competence.
C	Good	A good performance in most areas. The candidate demonstrates good knowledge, skills and general competence.
D	Satisfactory	A satisfactory performance, but with significant shortcomings. The candidate demonstrates a limited degree of knowledge, skills and general competence.

<b>E</b>	<b>Sufficient</b>	A performance that meets the minimum criteria, but no more. The candidate meets the minimum criteria and demonstrates a very limited degree of knowledge, skills and general competence.
<b>F</b>	<b>Failed</b>	A performance that does not meet the minimum criteria. The candidate has failed because of an absence of knowledge, skills and general competence in the subject.

- 2) Ved ein skilde emne kan det verte nytta vurderingsuttrykket «bestått – ikkje bestått». Kva emne dette gjeld kjem fram av studieplanen. Karakterskalaen bestått/ikkje bestått er eit sjølvstendig vurderingsuttrykk utan samanheng med gradert skala (A–F).
- 3) Ved ein skilde maritime konvensjonsemne kan det verte nytta vurderingsuttrykket «passed – not passed». Kva emne dette gjeld kjem fram av studieplanen. Karakterskalaen passed/not passed er eit sjølvstendig vurderingsuttrykk utan samanheng med gradert skala (A–F).

**Kommentar:**

Forslag til § 3-2 er tidlegare § 3-4. Det vert føreslått å legge inn karakterskala med omtale på bokmål og engelsk i tillegg til nynorsk. Vidare vert det føreslått to nye ledd som omhandlar vurderingsuttrykk som ikkje kjem fram av tabellane, slik som «bestått - ikkje bestått», og «passed – not passed».

<p><b>§ 3-12 Avsluttande vurdering, eksamen og sensur</b></p> <p>(1) Styret delegerer til rektor å nemne opp sensor ved eksamen, prøve, vurdering av oppgåver eller anna arbeid når resultatet er del av vitnemålet eller vert rekna inn i karakter for utdanninga, jf. fagskulelova § 6.</p> <p>(2) Eksamensplanen for fagskulen skal vere tilgjengeleg tre månader før eksamen vert gjennomført. Skulen skal ha rutinar for å gjere studenten kjent med eksamensplanen som seier når og kvar det ligg føre sensur. Jf. fagskulelova § 6, tredje ledd, skal sensur liggje føre innan tre veker dersom ikkje særlege årsaker gjer det naudsynt å bruke meir tid. Styret sjølv kan gjere unntak for enkelteksamenar og fastsetje lengre frist om det ikkje er mogleg å skaffe tilstrekkeleg med kvalifiserte sensorar som er naudsynt for å avvikle sensuren på tre veker.</p>	<p><b>§ 3-3 Sensur ved avsluttande vurdering og eksamen</b></p> <p>(1) Styret delegerer til rektor å nemne opp sensor ved eksamen, prøve, vurdering av oppgåver eller anna arbeid når resultatet er del av vitnemålet eller vert rekna inn i karakter for utdanninga, jf. fagskulelova § 21.</p> <p>(2) Eksamensplanen for fagskulen skal vere tilgjengeleg tre månader før eksamen vert gjennomført. Skulen skal ha rutinar for å gjere studenten kjent med eksamensplanen som seier når og kvar det ligg føre sensur. Jf. fagskulelova § 21, tredje ledd, skal sensur liggje føre innan tre veker dersom ikkje særlege årsaker gjer det naudsynt å bruke meir tid. Styret sjølv kan gjere unntak for enkelteksamenar og fastsetje lengre frist om det ikkje er mogleg å skaffe tilstrekkeleg med kvalifiserte sensorar som er naudsynt for å avvikle sensuren på tre veker.</p> <p>(3) Ved ny sensur jf. §§ 22 og 23 i fagskulelova vert éin eller fleire sensorar nytta. Minst éin sensor skal vere ekstern. Karakteren kan endrast til gunst eller disfavour for den som klager. Om ein karakter er fastsett på bakgrunn av både skriftleg og munnleg prøve, og karakteren vert endra etter ny sensur av den skriftlege delen, skal det verte gjennomført ny munnleg prøve for å fastsette endeleg karakter.</p>	<p>Dagens § 3-12 vert føreslått som § 3-3, og tittelen på paragrafen vert føreslått endra slik at det tydelegare kjem fram at det handlar om sensur, og ikkje vurdering og sensur.</p> <p>Vidare er lovreferansane endra jf. ny fagskulelov, og det det vert føreslått lagt til eit tredje ledd som omhandlar reglar for ny sensur etter klage.</p>
<p><b>§ 3-13 Rett til å gå opp til eksamen</b></p> <p>(1) Studentar som er tekne inn til eit emne eller eit studium ved fagskulen har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøver som høyrer</p>	<p><b>§ 3-4 Rett til å gå opp til eksamen</b></p> <p>(1) Studentar som er tekne inn til eit emne eller eit studium ved fagskulen har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøver</p>	<p>§ 3-13 vert føreslått flytta til § 3-4.</p>

<p>til studiet eller emnet. Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved fagskulane. I kvart emne er det fastsett særskilde arbeidskrav som prøver, innleveringar eller krav om obligatorisk frammøte og/eller praksis som må vere fullført før eksamen kan gjennomførast. Nærare opplysningar om dette vert gitt i studieplanen. Studentar som ikkje oppfyller eller består arbeidskrava som er fastsett i studieplanen, har ikkje rett til å gå opp til eksamen i det aktuelle emne.</p> <p>(2) Studentar som følgjer normalt skuleår, vert automatisk meldt opp til eksamen. Frist for å melde seg av eksamen er <i>tre veker før</i> eksamensdato. Dette gjeld også studentar som har meldt seg opp til ny eller utsett eksamen. Gyldig fráværårsak er sjukdom eller sterke velferdsgrunnar, og desse skal dokumenterast. Dokumentasjonen skal leverast/vere poststempla så raskt som mogleg og seinast innan <i>tre vekedagar</i> etter eksamen.</p> <p>(3) Ein student har rett til å ta eksamen ved fagskulen i same emne tre gonger. Ein student er å rekne som møtt til eksamen om han eller ho:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>trekkjer seg etter frist for å melde seg av</li> <li>ikkje møter på eksamen</li> <li>ikkje leverer svar</li> <li>møter på eksamen og trekkjer seg under eksamen</li> </ol> <p>(4) Fagskulen ved rektor kan gje dispensasjon for eit fjerde forsøk i spesielle tilfelle etter søknad frå studenten. Når ein student har teke eksamen på nytt, gjeld den beste karakteren. Gyldig fráværårsak er sjukdom eller sterke velferdsgrunnar, og desse skal dokumenterast.</p>	<p>som høyrer til studiet eller emnet. Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved fagskulen. I kvart emne er det fastsett særskilde arbeidskrav som prøver, innleveringar eller krav om obligatorisk frammøte og/eller praksis som må vere fullført før eksamen kan gjennomførast. Nærare opplysningar om dette vert gitt i studieplanen. Studentar som ikkje oppfyller eller består arbeidskrava som er fastsett i studieplanen, har ikkje rett til å gå opp til eksamen i det aktuelle emne.</p> <p>(2) Studentar som følgjer normalt skuleår, vert automatisk meldt opp til eksamen. Frist for å melde seg av eksamen er <i>tre veker før</i> eksamensdato. Dette gjeld også studentar som har meldt seg opp til ny eller utsett eksamen. Gyldig fráværårsak er sjukdom eller sterke velferdsgrunnar, og desse skal dokumenterast. Dokumentasjonen skal leverast/vere poststempla så raskt som mogleg og seinast innan <i>tre vekedagar</i> etter eksamen.</p> <p>(3) Ein student har rett til å ta eksamen ved fagskulen i same emne tre gonger. Ein student er å rekne som møtt til eksamen om han eller ho:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>trekkjer seg etter frist for å melde seg av</li> <li>ikkje møter på eksamen</li> <li>ikkje leverer svar</li> <li>møter på eksamen og trekkjer seg under eksamen</li> </ol> <p>(4) Fagskulen ved rektor kan gje dispensasjon for eit fjerde forsøk i spesielle tilfelle etter søknad frå studenten. Når ein</p>	<p>Fjerde ledd vert føreslått korta ned av di føresegner om dokumentasjon kjem fram av andre ledd.</p>
--	---	--

<p>Dokumentasjonen skal leverast/vere poststempla så raskt som mogleg og seinast innan <i>tre vekedagar</i> etter eksamen.</p> <p>(5) Det er mogleg å ta eventuell praksisperiode ein gong til om ein ikkje har greidd denne, med mindre anna er bestemt i studieplanen. Vedtak om ikkje bestått praksisperiode er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p> <p>(6) Når ein student ikkje fullfører studiet/emnet innan normert studietid og det i mellomtida er gjort vesentlege endringar i studieplan, gjeld retten til å fullføre etter den opphavlege studieplan i eitt år etter at endringa vart gjort gjeldande.</p>	<p>student har teke eksamen på nytt, gjeld den beste karakteren.</p> <p>(5) Det er mogleg å gjennomføre praksisperiode ein gong til om denne ikkje er bestått. Vedtak om ikkje bestått praksisperiode er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p> <p>(6) Når ein student ikkje fullfører studiet/emnet innan normert studietid og det i mellomtida er gjort vesentlege endringar i studieplanen, gjeld retten til å fullføre etter den opphavlege studieplanen i eitt år etter at endringa vart gjort gjeldande.</p>	<p>Femte ledd vert føreslått endra slik; Omgrepet greidd vert bytta med bestått slik det er i resten av forskrifta.</p> <p>Delsetninga – med mindre anna er bestemt i studieplanen vert føreslått tatt ut, av di det ikkje skal vere andre føresegner om fleire moglegheiter i studieplanen.</p> <p>Til slutt er reglar om klagetilgang gjort tydelegare.</p>
--	--	---

<p><b>§ 3-17 Krav om frammøte</b> Det er krav om 80 % frammøte til undervisninga ved Fagskolen i Hordaland. Studentar som ikkje fyller dette kravet, kan miste retten til å fortsette studiet. Ved tap av rettar har studenten klagerett; sjå kap. 5. om klage og klagehandsaming.</p>	<p><b>§ 3-1 vurdering og arbeidskrav</b></p>	<p>Utgår - føresegnene er lagt inn som ledd under § 3-1. Dette er omtala tidlegare i saka.</p>
<p><b>§ 3-3 Skikkavurdering</b></p> <p>(1) Ved einkilde utdanningar skal fagskulen vurdere om studenten er skikka for yrket. Krav til skikkavurdering skal gå fram av studieplanen. Ei skikkavurdering vert gjennomført gjennom heile studiet og er ein føresetnad for at studenten skal få vitnemål for fullført utdanning, jf. fagskulelova § 11.</p> <p>(2) Det er den lokale klagenemnda som fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka for yrket. Studenten har rett til å uttale seg før det vert gjort vedtak. Vert det fatta slikt vedtak, kan studenten verte utestengt frå utdanninga. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 4. om disiplinære sanksjonar og kap. 5. om klage og klagehandsaming.</p> <p>(3) Denne paragraf trer <u>ikkje</u> i kraft før Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om skikkavurdering.</p>	<p><b>§ 3-5 Skikkavurdering</b></p> <p>(1) Denne paragraf trer <u>ikkje</u> i kraft før Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om skikkavurdering.</p> <p>(2) Ved einkilde utdanningar skal fagskulen vurdere om studenten er skikka for yrket. Krav til skikkavurdering skal gå fram av studieplanen. Ei skikkavurdering vert gjennomført gjennom heile studiet og er ein føresetnad for at studenten skal få vitnemål for fullført utdanning, jf. fagskulelova § 26.</p> <p>(3) Det er den lokale klagenemnda som fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka for yrket. Studenten har rett til å uttale seg før det vert gjort vedtak. Vert det fatta slikt vedtak, kan studenten verte utestengt frå utdanninga. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 4. om disiplinære sanksjonar og kap. 5. om klage og klagehandsaming.</p> <p>(4) Eit vitnemål for fullført og bestått utdanning betyr at kandidaten er vurdert som skikka for yrket.</p>	<p>§ 3-3 vert føreslått endra til § 3-5.</p> <p>Dagens tredje ledd vert føreslått flytta opp til første ledd.</p> <p>Første ledd vert andre ledd, og referansen til paragrafnummer er endra jf. ny lov.</p> <p>Andre ledd vert tredje ledd.</p> <p>Det vert føreslått eit nytt fjerde ledd der det kjem fram at eit vitnemål for fullført og bestått utdanning betyr at kandidaten er vurdert som skikka for yrket.</p>
<p><b>§ 3-6 Eksamen ved dei tekniske fagskoleutdanningane</b></p>		<p>Dagens §§ 3-6 til 3-9 vert føreslått fjerna av di dette er informasjon</p>

<p>Eksamen vert gjennomført etter følgjande minimumsplan:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a) <i>Hovudprosjekt</i>. Hovudprosjektet vert avslutta med ein tverrfagleg prosjekteksamen. Eksamen er munnleg og skriftleg: Den er samansett av eit individuelt oppsummeringsnotat og ein munnleg eksaminasjon.</li> <li>b) <i>LØM-eksamen</i>. Emnet som omfattar dei tre LØM-tema (organisasjon og leiing, økonomistyring og marknadsføringsleiing) vert avslutta med ein tverrfagleg eksamen.</li> <li>c) <i>Andre emne</i>. Studenten skal ha eksamen i minimum to av dei andre emna.</li> </ol> <p><b>§ 3-7 Eksamen ved helsefagskuleutdanningane</b></p> <p>Eksamen vert gjennomført etter følgjande plan:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a) I dei teoretiske emna blir emnekarakter gjeve på bakgrunn av innfridde arbeidskrav, skriftleg eksamen og annan aktivitet, med grunnlag i § 3-1 om vurderingsformer i denne forskrifta.</li> <li>b) Avsluttande eksamen er ei skriftleg fordjupingsoppgåve med munnleg eksaminasjon. Det vert gjeve ein samla karakter. For å kunne gå opp til avsluttande eksamen, må studentane ha utført obligatoriske arbeidskrav, gjennomført praksisstudiar med greidd resultat, samt greidd dei føregåande emna. Fråvær kan ikkje overstige 10 % i praksisperioden.</li> </ol> <p><b>§ 3-8 Eksamen ved dei maritime fagskuleutdanningane</b></p> <p>Det er eksamen i alle emne som er del av studiet kvart skuleår utanom i emna fysikk, matematikk og norsk kommunikasjon, der studenten vert trekt ut til eksamen i eitt av emna kvart skuleår, jf. «Nasjonale Standard</p>		<p>som skal stå i studieplanen. Dette er også meir føremålstenleg dersom nokon utdanningar har andre føresegner. Slik unngår ein at forskrifta vert for detaljert.</p>
--	--	--

for vurdering for ettårige og toårige maritime fagskoleutdanninger».

**§ 3-9 Eksamen ved dei grøne fagskoleutdanningane**

- (1) Det vert halde to tverrfaglege eksamenar:
  - a) Ein tverrfagleg praktisk / munnleg eksamen.
  - b) Ein tverrfagleg skriftleg eksamen.
  
- (2) Praksisperioden må vere bestått for å kunne framstille seg til eksamen, og fråvær kan ikkje overstige 10 % i praksisperioden.



<p><b>§ 3-2 Grunngeving for karakterfastsetting</b></p> <p>(1) Ein student har rett til grunngeving ved karakterfastsetting ved mappevurdering, prøver, innleveringar og andre arbeidskrav som dannar grunnlag for mappevurdering/emnekarakter og eksamen. Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter må krav om grunngeving setjast fram straks etter at karakteren er kunnngjort. Dersom karakteren vert kunnngjort elektronisk, må krav om grunngeving framsetjast innan éi veke. Ved anna kunnngjering må krav om grunngeving framsetjast <i>innan tre veker</i> frå karakteren vart kunnngjort, eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.</p>	<p><b>§ 3-6 Grunngeving for karakterfastsetting</b></p> <p>(1) Ein student har rett til grunngeving for karakterfastsetting. Dette gjeld også for alle arbeidskrav som inngår i avsluttande vurdering. Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter må krav om grunngeving setjast fram straks etter at karakteren er kunnngjort. Dersom karakteren vert kunnngjort elektronisk, må krav om grunngeving setjast fram innan éi veke. Ved anna kunnngjering må krav om grunngeving setjast fram <i>innan tre veker</i> frå karakteren vart kunnngjort, eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.</p>	<p>Dagens § 3-2 vert føreslått endra til § 3-6, og teksten i første ledd er skrive litt om for å vere meir presis og lesarvenleg.</p>
<p><b>§ 3-11 Dokumentasjon</b></p> <p>(1) Studentar som fullfører og består ei utdanning, vil få utdelt vitnemål jf. § 5 i lov om fagskoleutdanning. Vitnemålet skal innehalde:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Emna som inngår i utdanninga.</li> <li>Omfang av emna og oppnådd karakter skal førast på vitnemålet.</li> <li>Overordna læringsutbytte.</li> <li>Omtale av eventuell praksis.</li> <li>Nivå i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) og kvalifikasjonen som vert oppnådd.</li> <li>Karaktersystemet som vert nytta.</li> </ol> <p>(2) På vitnemål for teknisk fagskule skal fagretning, fordjuping og tittel på hovudprosjektet gå fram.</p> <p>(3) Ein student som ikkje har fullført, eller som har fullført men ikkje bestått heile utdanninga, kan be om ei karakterutskrift som syner fullførte og beståtte emne og eksamenar.</p>	<p><b>§ 3-7 Dokumentasjon</b></p> <p>(1) Studentar som fullfører og består ei utdanning, vil få utdelt vitnemål jf. § 19 i fagskulelova. Vitnemålet skal innehalde:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Emna som inngår i utdanninga.</li> <li>Omfang av emna og oppnådd karakter.</li> <li>Overordna læringsutbytte.</li> <li>Omtale av eventuell praksis.</li> <li>Nivå i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) og kvalifikasjonen som vert oppnådd.</li> <li>Karaktersystemet som vert nytta.</li> </ol> <p>(2) Tittel og omtale av hovudprosjektet eller fordjupingsemne skal gå fram av vitnemålet.</p> <p>(3) Ein student som ikkje har fullført, eller som har fullført men ikkje bestått heile utdanninga, kan be om ei karakterutskrift som syner</p>	<p>Dagens § 3-11 vert endra til § 3-7.</p> <p>I første ledd vert paragrafnummer til lova endra jf. ny lov. Punkt b vert føreslått korta ned slik at det ikkje står to gongar at det skal stå på vitnemålet.</p> <p>Andre ledd vert føreslått endra slik at føresegna vert gjeldande for all utdanning, og ikkje berre teknisk. Ved dei maritime utdanningane er det ikkje hovudprosjekt eller fordjupingsemne, men det er ikkje naudsynt å presisere.</p>

	<p>fullførte og beståtte emne og eksamenar.</p> <p>(4) Ved dei maritime fagskuleutdanningane skal vitnemål skrivast på engelsk.</p>	<p>Det vert føreslått tatt inn eit fjerde ledd som omhandlar maritime vitnemål som vert skrive ut på engelsk.</p>
--	---	---

<p><b>§ 3-18 Permisjon og tilrettelegging</b></p> <p>(1) Ein student kan søkje om og få permisjon dersom tungtvegande grunnar gjer det naudsynt, til dømes ved sjukdom eller innkalling til førstegongsteneste. Permisjon blir som hovudregel gitt for ein periode på eitt studie-år. I ekstraordinære tilfelle kan permisjon bli gitt i ytterlegare eitt år. Ein student som får barn under studie har rett permisjon i frå studie under svangerskap og til omsorg for barn. Permisjon ved fødsel gjelder også far, medmor og medfar.</p> <p>(2) Studentar som av medisinske eller andre grunnar har behov for spesiell tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen, må sende søknad om dette til rektor ved den einskilde skule <i>seinast tre veker før eksamen</i>. Om det oppstår akutt behov for tilrettelegging, kan det gjerast unntak frå søknadsfristen. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå sakkunnig instans (til dømes lege, logoped, psykolog) med omtale av behovet for særleg tilrettelegging.</p> <p>(3) Særordningar kan vere spesiell fysisk tilrettelegging, bruk av særskilde hjelpemiddel og/eller utvida tid til eksamen, eller i spesielle tilfelle alternativ eksamensform. Døme på særordningar er: Eige eksamenslokale, bruk av PC, skrivehjelp, munnleg eksamen i staden for skriftleg, høgtlesing av oppgåva, høgtlesing av svara for korrektur, ekstra pausar med høve til å kvile, amme-pausar og liknande.</p> <p>(4) Ved skriftleg eksamen med tilsyn kan det verte gjeve utvida tid med inntil 25 % av normal eksamenstid; maksimalt éin time.</p>	<p><b>§ 3-8 Tilrettelegging ved eksamen eller prøve</b></p> <p>(1) Studentar som av medisinske eller andre grunnar har behov for spesiell tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen, må sende søknad om dette til rektor ved den einskilde skule <i>seinast tre veker før eksamen</i>. Om det oppstår akutt behov for tilrettelegging, kan det gjerast unntak frå søknadsfristen. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå sakkunnig instans (til dømes lege, logoped, psykolog) med omtale av behovet for særleg tilrettelegging.</p> <p>(2) Særordningar kan vere spesiell fysisk tilrettelegging, bruk av særskilde hjelpemiddel og/eller utvida tid til eksamen, eller i spesielle tilfelle alternativ eksamensform. Døme på særordningar er: Eige eksamenslokale, bruk av PC, skrivehjelp, munnleg eksamen i staden for skriftleg, høgtlesing av oppgåva, høgtlesing av svara for korrektur, ekstra pausar med høve til å kvile, amme-pausar og liknande.</p> <p>(3) Ved skriftleg eksamen med tilsyn kan det verte gjeve utvida tid med inntil 25 % av normal eksamenstid; maksimalt éin time.</p> <p>(4) Særordningar skal likevel vere slik at prestasjonen vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.</p> <p>(5) Eventuelt avslag på søknad om tilrettelagt eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p>	<p>Dagens § 3-18 om permisjon og tilrettelegging vert endra til § 3-8 om tilrettelegging ved eksamen. Som nemnt tidlegare vert føresegner om permisjon ein eigen paragraf i kapittel 2 (§ 2-15).</p> <p>Dagens andre til sjetten ledd vert såleis første til femte ledd.</p>
--	--	--

<p>(5) Særordningar skal likevel vere slik at prestasjonen vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.</p> <p>(6) Eventuelt avslag på søknad om tilrettelagt eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p>		
--	--	--

<p><b>§ 3-19 Fusk og forsøk på fusk</b></p> <p>(1) Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglement eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøver med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til administrasjonen ved fagskulen for vidare handsaming. Eksamensreglement og reglar for kjeldebruk finn ein på heimesida til fagskulen.</p> <p>(2) Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ønskjer å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjelpt andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøve annullert. Det er den lokale klagenemnda som fattar vedtak om annullering (jf. § 3-20) på grunn av fusk eller forsøk på fusk, og eventuelle disiplinære sanksjonar (§ 4-1 tredje ledd).</p>	<p><b>§ 3-9 Fusk og forsøk på fusk</b></p> <p>(1) Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglement eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøver med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til administrasjonen ved fagskulen for vidare handsaming. Eksamensreglement og reglar for kjeldebruk finn ein på heimesida til fagskulen.</p> <p>(2) Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ønskjer å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjelpt andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøve annullert. Det er den lokale klagenemnda som fattar vedtak om annullering (jf. § 3-10) på grunn av fusk eller forsøk på fusk, og eventuelle disiplinære sanksjonar (§ 4-1 tredje ledd).</p>	<p>Dagens § 3-19 vert føreslått endra til § 3-9, og referanse til paragrafnummer i denne forskrifta er justert i samband med dei øvre justeringane i nummereringa.</p>
<p><b>§ 3-20 Annullering av eksamen</b></p> <p>(1) Den lokale klagenemnda kan annullere eksamen/emnekarakter om studenten har fuska eller er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel, jf. lov om fagskoleutdanning § 9. Høve til annullering vert ikkje forelda. Sjå § 4-1 tredje ledd i høve til disiplinære sanksjonar i samband med annullering på dette grunnlag.</p>	<p><b>§ 3-10 Annullering av eksamen</b></p> <p>(1) Den lokale klagenemnda kan annullere eksamen/emnekarakter om studenten har fuska eller er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel, jf. fagskulelova § 24. Høve til annullering vert ikkje forelda. Sjå § 4-1 tredje ledd i høve til disiplinære</p>	<p>Dagens paragraf 3-20 vert føreslått endra til § 3-10, og første ledd er endra i høve til referanse til paragrafnummer i ny lov.</p>

	sanksjonar i samband med annullering på dette grunnlag.	
--	---	--

<p><b>§ 3-10 Gjennomføring av eksamen etter avbrot av studium</b></p>	<p><b>§ 3-11 Gjennomføring av eksamen etter avbrot av studium</b></p>	<p>Dagens § 3-10 vert føreslått endra til § 3-11.</p>
<p><b>§ 4-1 Utestenging og bortvising</b></p>	<p><b>§ 4-1 Utestenging og bortvising</b>  (5) Rektor ved fagskulen kan fatte vedtak om bortvisning dersom avgjerda i saka ikkje kan vente til den lokale klagenemnda kan kome saman i møte jf. §§ 25 og 12 i fagskulelova</p>	<p>I § 4-1 vert det føreslått eit nytt femte ledd fordi det er kome nye føresegnar om dette i fagskulelova.</p>
<p><b>Ny paragraf.</b></p>	<p><b>§ 4-2 Forbod mot bruk av klesplagg som heilt eller delvis dekker andletet</b></p> <p>(1) Studentar og tilsette skal jf. fagskulelova § 43 første ledd ikkje nytte klesplagg som heilt eller delvis dekker andletet i samband med undervisning eller tilsvarande, inkludert på turar, ekspedisjonar og liknande.</p> <p>(2) Ein student som trass skriftleg åtvaring har nytta klesplagg som heilt eller delvis dekker andletet i strid med første ledd i denne paragraf, kan bortvisast i inntil eitt år. Vedtak om bortvisning kan fattast av rektor. Vedtaket er eit enkeltvedtak, og studentane kan klage til den lokale klagenemnda for Fagskolen i Hordaland. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p> <p>(3) Dersom ein student på trass av skriftleg varsel frå fagskulen ikkje etterkjem eit vedtak om bortvising, kan den lokale klagenemnda vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år. Med utestenging meiner ein her å miste retten til å fullføre studiet. Vedtaket er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p>	<p>Det vert føreslått ein ny paragraf 4-2 om forbod mot bruk av klesplagg som heilt eller delvis dekker andletet. Årsaka til dette er at det er kom ei ny føresegn om dette i fagskulelova.</p>

<p><b>§ 5-1 Klageinstans</b></p> <p>(1) Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les om grunngjeving for karakter under § 3-2, klage på mappevurdering/emnevrdering under § 5-3 og eksamen under § 5-4.</p> <p>(2) Ved klage på bortvising, utestenging, annullering av eksamen, utestenging etter skikkavurdering eller politiattest er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det den lokale klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming. Klagenemnda består av minimum fem medlemmar etter følgjande kvalifikasjonar; leiar og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskulen, eitt medlem og éin student frå Fagskolen i Hordaland, eitt medlem og éin student frå Yrkesdykkerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet. Alle medlemmane har personleg vara, og mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova. Den lokale klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller vara for leiar og to andre medlemmer er til stades. Vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak kan ikkje påklagast.</p> <p>(3) Klager som vert handsama av den lokale klagenemnda, er som følgjer:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur)</li> <li>eksamen under særskilde vilkår</li> <li>opptak</li> <li>fritak eller innpassing av emne</li> <li>tap av rettar</li> </ol>	<p><b>§ 5-1 Klageinstans</b></p> <p>(1) Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Sjå også § 3-6 om grunngjeving for karakterfastsetjing, § 5-3 om klage på mappevurdering/emnekarakter og § 5-4 om klage på eksamen.</p> <p>(2) Den lokale klagenemnda for Fagskolen i Hordaland handsamar klager på enkeltvedtak som er gjort ved fagskulen. Klager som vert handsama av den lokale klagenemnda, er som følgjer:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur)</li> <li>eksamen under særskilde vilkår</li> <li>opptak</li> <li>fritak eller godskriving av emne</li> <li>tap av rettar jf. §§ 2-14 og 4-2.</li> </ol> <p>(3) Den lokale klagenemnda har fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Leiaren og vara for leiar skal fyller dei lovbestemte krava for lagdommarar. Leiar og var for leiar skal ikkje vere tilsett ved fagskulen. To av medlemmene skal vere studentar. Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova. Den lokale klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller vara for leiar og to andre medlemmer er til stades. Vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak kan ikkje påklagast.</p>	<p>I § 5-1 er første ledd justert i høve til referanse til paragrafnummer i denne forskrifta.</p> <p>Andre og tredje ledd vert føreslått skrive om slik at teksten vert enklare, og slik at rekkjefølgja vert meir naturleg. Det vert også føreslått å leggje til eit fjerde ledd for å skilje dei ulike klagenemndene tydelegare frå kvarandre.</p>
---	---	--



	<p>(4) Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning er klageinstans for saker som er vedtatt av den lokale klagenemnda som første instans. Klager som vert handsama av den nasjonale klagenemnda er som følgjer:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a. bortvising</li> <li>b. utestenging</li> <li>c. utestenging etter skikkavurdering</li> <li>d. annullering av eksamen</li> <li>e. tap av rettar knytt til merknad i politiattest.</li> </ol>	
<p><b>§ 5-2 Framgangsmåte og fristar</b></p> <p>(1) Alle klager skal sendast til den einskilde fagskule ved rektor. Rektor skal – som den som har fatta vedtak i første instans – vurdere om det er grunn til å oppheve vedtaket. Dersom rektor ikkje finn grunn til å oppheve vedtaket sender rektor klaga til handsaming for ny sensur eller til handsaming i den lokale klagenemnda.</p> <p>(2) Studenten må sende klaga <i>seinast tre veker</i> etter at vedtaket er gjort kjent, eller han eller ho har hatt rimeleg høve til å gjere seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klaga seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klaga skal vere skriftleg og sendast til fagskulen sitt postmottak (e-post eller brev).</p> <p>(3) Klage over formelle feil ved eksamen må varslast <i>innan tre veker</i> etter at studenten er eller burde vore kjent med det forhold som gir grunnlag for klage.</p> <p>(4) Finn den lokale klagenemnda at det er gjort formelle feil, og det er</p>	<p><b>§ 5-2 Framgangsmåte og fristar</b></p> <p>(1) Studenten må sende klaga <i>seinast tre veker</i> etter at vedtaket eller karakter er gjort kjent, eller studenten har hatt rimeleg høve til å gjere seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klaga seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klaga skal vere skriftleg og sendast til fagskulen sitt postmottak (e-post eller brev) ved rektor.</p> <p>(2) Rektor skal i saker der fagskulen har fatta vedtak i første instans vurdere om det er grunn til å oppheve vedtaket. Dersom rektor ikkje finn grunn til å oppheve vedtaket, sender rektor klaga til handsaming i den lokale klagenemnda.</p> <p>(3) Klage over formelle feil ved eksamen må sendast <i>innan tre veker</i> etter at studenten er eller burde vore gjort seg kjent med det forhold som gir grunnlag for klage.</p>	<p>Dagens § 5-2 vert føreslått endra slik at framgangsmåte for klaging og sakshandsaming vert tydelegare.</p>

<p>rimeleg å tru at dette kan ha vore viktig for prestasjon eller vurdering for ein eller fleire studentar, skal det gjennomførast ny sensur, eller haldast ny eksamen så snart som mogleg.</p> <p>(5) Den skriftlege klagen skal innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>a) kven som klagar (namn og adresse)</li><li>b) vedtak det vert klaga over</li><li>c) kva klaga gjeld</li><li>d) dato og underskrift/er</li></ul>	<p>(4) Den skriftlege klaga skal innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>a) kven som klagar (namn og adresse)</li><li>b) vedtak/tilhøve det vert klaga over</li><li>c) kva klaga gjeld</li><li>d) dato og underskrift/er</li></ul>	
--	---	--

<p><b>§ 5-3 Klage på mappevurdering/emnekarakter</b></p> <p>(1) Studenten har rett til å klage på karakterfastsetting ved alle prøver og innleveringar som har konsekvens for avsluttande vurdering i eit emne. Ved klage på karakter ved prøver eller innleveringar må studenten setje fram klage innan tre veker frå karakteren var gjort kjent, eller tre veker etter at studenten har fått grunngjeving. Ved klage på endeleg karakter ved mappevurdering/emnekarakter er det berre mogleg å klage på sluttvurderinga og ikkje på enkeltstående prøver og innleveringar tilbake i tid.</p> <p>(2) Om studenten set fram klage på karakter ved prøve, innlevering og andre arbeidskrav som har konsekvens for avsluttande vurdering, skal det verte gjort ei ny fagleg vurdering av ein annan part. Studenten vert oppmoda til å be om grunngjeving før det vert sett fram klage.</p> <p>(3) Ved klage på avsluttande vurdering i høve til mappevurdering/emnekarakter kan studenten berre klage på summen av karakterfastsettinga; det vil seie den totale vurderinga av dei karakterane som er del av mappevurderinga/emnekarakteren. Studenten har rett på grunngjeving for karakterfastsetting. Ved klage på mappevurdering/emnekarakter skal det gjerast ny vurdering av ein annan fagskule. Karakterfastsetting ved klagehandsaming etter denne paragraf kan ikkje påklagast.</p> <p>(4) Ved klage over karakterfastsettinga på gruppeeksamen (der ein får gruppekarakter) må alle gruppemedlemmene samla</p>	<p><b>§ 5-3 Klage på mappevurdering/emnekarakter</b></p> <p>(1) Studenten har rett til å klage på karakterfastsetting ved alle prøvar og innleveringar som har konsekvens for avsluttande vurdering i eit emne. Ved klage på karakter ved prøver eller innleveringar må studenten setje fram klage innan tre veker frå karakteren var gjort kjent, eller tre veker etter at studenten har fått grunngjeving.</p> <p>(2) Om studenten set fram klage på karakter ved prøve, innlevering og andre arbeidskrav som har konsekvens for avsluttande vurdering, skal det verte gjort ei ny fagleg vurdering av ein annan part. Studenten vert oppmoda til å be om grunngjeving før det vert sett fram klage.</p> <p>(3) Ved klage på endeleg karakter på mappevurdering/emnekarakter er det berre mogleg å klage på sluttvurderinga og ikkje på enkeltstående prøvar og innleveringar tilbake i tid. Studenten har rett på grunngjeving for karakterfastsetting. Ved klage på mappevurdering/emnekarakter skal det gjerast ny vurdering av ein annan fagskule. Endring kan gjerast både til gunst og ugunst for klagar. Karakterfastsetting ved klagehandsaming etter denne paragraf kan ikkje påklagast.</p> <p>(4) Ved klage over karakterfastsetting på vurdering av arbeid som er utført i gruppe (der ein får</p>	<p>§ 5-3 vert føreslått endra slik at dei ulike tilhøva ein student kan klage på vert tydelegare skilt frå kvarandre, og slik at teksten vert meir lesarvenleg.</p>
--	--	---

<p>samtykke i og skrive under på klaga.</p> <p>(5) Ved ny sensur skal nye sensorar ikkje få oppgitt karakteren det vert klaga på.</p>	<p>gruppekarakter) må alle gruppemedlemmene samla samtykke i og skrive under på klaga.</p> <p>(5) Ved ny sensur skal nye sensorar ikkje få oppgitt karakteren det vert klaga på.</p>	
<p><b>§ 5-4 Klage på eksamen</b></p> <p>(1) Ved klage over karakterfastsetting ved ein eksamen skal to nye sensorar nyttast. Ny sensur skal liggje føre innan same fristar som gjeld for ordinær eksamen. Endring kan gjerast både til gunst og ugunst for klagar. Karakterfastsetting ved ny sensur etter denne paragraf kan ikkje klagast på.</p> <p>(2) Om den endelege karakteren blir fastsett på grunnlag av ei munnleg prøve/justering i samanheng med ein skriftleg deleksamen, og klagar får medhald i klage på sensuren av den skriftlege delen av eksamen, skal det haldast ny munnleg eksamen før ny endeleg karakter kan setjast.</p> <p>(3) Vurdering av munnleg prestasjon eller anna vurdering som på grunn av type prøve ikkje let seg etterprøve, kan ikkje klagast på med mindre det gjeld formelle feil ved eksamen.</p> <p>(4) Ved ny sensur skal nye sensorar ikkje få oppgitt karakteren det vert klaga på.</p>	<p><b>§ 5-4 Klage på eksamen</b></p> <p>(1) Ved klage over karakterfastsetting ved ein eksamen skal ny sensor/ar nyttast, og minst éin sensor skal vere ekstern. Ny sensur skal liggje føre innan same fristar som gjeld for ordinær eksamen. Endring kan gjerast både til gunst og ugunst for klagar. Karakterfastsetting ved ny sensur etter denne paragraf kan ikkje klagast på.</p> <p>(2) Om den endelege karakteren blir fastsett på grunnlag av ei munnleg prøve/justering i samanheng med ein skriftleg deleksamen, og klagar får medhald i klage på sensuren av den skriftlege delen av eksamen, skal det haldast ny munnleg eksamen før ny endeleg karakter kan settast.</p> <p>(3) Vurdering av munnleg prestasjon eller anna vurdering som på grunn av type prøve ikkje let seg etterprøve, kan ikkje klagast på med mindre det gjeld formelle feil ved eksamen.</p> <p>(4) Ved ny sensur skal ny sensor/ar ikkje få oppgitt karakteren det vert klaga på.</p>	<p>I § 5-4 vert det føreslått ei endring i første og fjerde ledd slik at krav til sensor/ar vert oppdatert i høve til gjeldande lovverk. Det vil sei minimum éin ekstern sensor.</p>
<p><b>Ny paragraf.</b></p>	<p><b>§ 5-5 Klage på formelle feil ved eksamen, prøve eller liknande</b></p> <p>(1) Ein student som har vore oppe til eksamen, prøve eller liknande som vurderast med karakter, kan klage på formelle</p>	<p>Det vert føreslått ein ny paragraf 5-5 som gir nærare føresegner om klage på formelle feil ved eksamen,</p>

	<p>feil innan tre veker etter at studenten er blitt, eller burde vore gjort seg kjent med feilen. Klagen skal sendast til fagskulen, og den lokale klagenemnda for fagskulen er klageinstans.</p> <p>(2) Eit sensurvedtak skal opphevast dersom det er gjort feil som kan ha hatt tyding for studentane si prestasjon, eller fagleg vurdering av prestasjonen. Dersom feilen kan rettast opp gjennom ny sensur skal dette gjennomførast. Dersom feilen ikkje kan rettast opp gjennom ny sensur skal det holdast ny eksamen, prøve eller liknande med nye sensorar. Studenten har klagerett ved ny sensur jf. denne paragraf som angitt i § 5-3 og 5-4.</p> <p>(3) Rektor eller den lokale klagenemnda kan bestemme at det skal gjennomførast ny sensur eller haldast ny eksamen, prøve eller liknande dersom det er gjort formelle feil som kan ha hatt innverknad på ein eller fleire studentar sin prestasjon eller fagleg vurdering av desse.</p>	<p>prøve eller liknande. Dette er ein mangel i dagens forskrift.</p>
<p><b>§ 6-1 Ikraftsetjing og oppheving</b></p> <p>a) Denne forskrifta trer i kraft 24.01.2018.</p> <p>b) Samtidig vert forskrift for Fagskolane i Hordaland gjeldande frå 05.05.2017 oppheva.</p>	<p><b>§ 6-1 Ikraftsetjing og oppheving</b></p> <p>a) Denne forskrifta trer i kraft (DATO).</p> <p>b) Samtidig vert forskrift for Fagskolen i Hordaland gjeldande frå 24.01.2018 oppheva.</p>	<p>§ 6-1 vert føreslått justert med nye datoar. Punkt a får påført dato når styret har avgjort når den trer i kraft.</p>